



# Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

## Årsrapport 2019

---



---

## Føreord

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta i 1980.

I 2011 vart første Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen konstituert, etter at det vart opna for lokal forvaltning av dei store verneområda. Styret for 2012-2015 vart oppnemnd av Miljøverndepartementet, og Miljødirektoratet oppnemnde styret for 2016-19 ved brev 16.02.2016. Jotunheimen har to nasjonalparkforvaltarar, ein med kontor i Lom og ein i Luster. Nasjonalparkforvaltarane er sekretariatet for nasjonalparkstyret og står for «den daglege drifta».

Årsmeldinga gjev ei samla framstilling av nasjonalparkstyret sitt arbeid, tiltak og registreringar som er gjort i felt og generelt om bruken av områda og dei naturfaglege tilhøva og forvaltningsmessige utfordringar i Jotunheimen og Utladalen.

### *Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen*

Framsida:

Synfaring Vettisfossen – behov for utskifting av eksisterande installasjon

Under t.v.: Den bratte stigen frå Vettismorki og ned mot Vetti er delvis sikra.

Rekkverk/vaier bør oppgraderast saman med plattforma og rekkverket på toppen.

Under t.h.: Fungerande ordførar i Årdal, Sandra Opheim, lanserte ny «kledeskode» for styremøte



## **Innhald**

1.	Verneområda – status .....	5
2.	Aktørar i verneområda .....	5
	Nasjonalparkstyret .....	5
	Nasjonalparkforvaltarar .....	5
	Naturoppsynet.....	6
	Andre sentrale myndigheter .....	6
	Brukarar.....	7
	Sentrale dokument.....	9
3.	Arbeid i nasjonalparkstyret 2019 .....	9
4.	Aktivitet .....	12
	Informasjon .....	12
	Skjøtsel og vedlikehald .....	14
	Jotunheimen Vest / Utladalen:.....	15
	Jotunheimen Aust:.....	15
	Arrangement i verneområda.....	15
	Randsonearrangement.....	15
	Vidare arbeid .....	16
	Revisjon av forvaltningsplanen: .....	16
	Besøksstrategi: .....	16
	Kartleggingsarbeid:.....	16
	Pilot for implementering av merkevaren Norges Nasjonalparker .....	16
5.	Glimt frå 2019.....	17

## 1. Verneområda – status

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernombordet vart oppretta ved Kgl. res. 05.12.1980. Verneforskrifta set dei juridiske rammene for forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen trekkjer opp retningslinjene for forvaltning av verneområda, og har delt nasjonalparken i ulike forvaltningssoner: Sone utan tilrettelegging og inngrep, brukssone og sone med spesiell tilrettelegging og inngrep.

Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda.

Oppsynsarbeid, skjøtsel, rettleiing og informasjon skal fremje formålet med vernet.

Verneforskriftene for Jotunheimen og Utladalen vart i 2004 tekne opp til revisjon i samband med rullering av den første forvaltningsplanen frå 1998. Reviderte forskrifter vart godkjente 14.11.14.

Revisjon av forvaltningsplanen i tråd med nye forskrifter starta opp i 2015.

## 2. Aktørar i verneområda

### Nasjonalparkstyret

Forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernombordet vart overført frå Fylkesmannen til nasjonalparkstyret, ved brev av 04.11.10 frå Miljøverndepartementet. Nasjonalparkstyret består av ein representant frå kvar kommune og fylkeskommune med areal i verneområda.

Funksjonsperioden for styret følgjer kommunestyre- og fylkestingsperioden.

Styret for perioden 2016-19:

Rolle	Ordinært medlem	Varamedlem	Representerar
<i>leiar</i>	Ivar Kvalen	Marit Tennø	Luster kommune
<i>nestleiar</i>	Iselin Jonassen	Svein Blankenborg	Vågå kommune
<i>styremedlem</i>	Bjarne Eiolf Holø	Anne Lise Marstein	Lom kommune
<i>styremedlem</i>	Leif Solemsli	Kari Bø Wangensteen	Vang kommune
<i>styremedlem</i>	Sandra Opheim	Arild Ingar Lægreid	Årdal kommune
<i>styremedlem</i>	Aleksander Øren Heen	Senea Sabanovic	Sogn og Fjordane fylkeskommune
<i>styremedlem</i>	Kjersti Bjørnstad *	Øystein Andreassen	Oppland fylkeskommune

\* Kjersti Bjørnstad Fremstad erstatta Aud Hove som fast representant i nasjonalparkstyret for Oppland fylkeskommune frå 2018. Dette etter oppmoding frå fylkeskommunen, etter at Aud Hove vart vald til fylkesvaraordførar. Oppnemning skjedde ved brev av 04.12.17 frå Miljødirektoratet.

Arkivfunksjonen til nasjonalparkstyret ligg hos Fylkesmannen i Innlandet og postadressa er:

*Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, Postboks 987, 2604 Lillehammer  
mail: [fminpost@fylkesmannen.no](mailto:fminpost@fylkesmannen.no)*

### Nasjonalparkforvaltarar

Sekretariatet består av to forvaltarar, og skal førebu saker for styret, drive informasjon og halde kontakt med brukarar av verneområda. Nasjonalparkforvaltarane er administrativt tilsett i fylkesmannsembata i Innlandet og Vestland, men er underlagt Nasjonalparkstyret i sitt arbeid. Fylkesmannen har ingen instruksjonsrett i forhold til nasjonalparkforvaltarane sitt arbeid for styret, men kan i samråd med leiar av nasjonalparkstyret nytte forvaltarane til andre arbeidsoppgåver ved behov og ledig kapasitet.

- Kari Sveen er nasjonalparkforvaltar med kontorstad ved Norsk Fjellsenter i Lom.
- Eldrid Nedrelo vart tilsett som ny forvaltar med kontorstad Gaupne ved årsskiftet 2018/19, men ho gjekk rett ut i permisjon ved oppstart. Stillinga på vestsida vart ståande vakant i over eitt år, frå oktober 2018 da Magnus Snøtun slutta, til 14.10.2019 da Johannes P. Skahjem vart tilsett som vikar for Nedrelo.

Året 2019 har det stort sett gått med halv bemanning, pga. vakanse i stillinga på vestsida til 14.10.19 og sjukefråvær på austsida mesteparten av januar. Samanslåing av fylkesmannsembeta har gjeve utfordringar knytt til ny modell for tekniske tenester og generelle tilpassingar etter omorganiseringa. Status for 2019:

- Tap av eit heilt årsverk i sekretariatet som følgje av at stillinga på vestsida har stått vakant frå oktober 2018 til oktober 2019 har gått ut over forvaltningsplanarbeidet, som berre måtte leggjast på is. Nasjonalparkstyret har sendt skriv til Miljødirektoratet og påpeikt at ressursane løyvd til nasjonalparksekretariat må nyttast som føresett. Det delte arbeidsgjevaransvaret mellom to fylkesmannsembete byr på særlege utfordringar når det oppstår langvarig vakanse, da lønnsressursane som kunne vore nytta til å avhjelpe arbeidspresset ligg i ein annan organisasjon enn den som har ansvar for at den attverande forvaltaren har arbeidstid og ferieavvikling i samsvar med arbeidsmiljølova.
- Kari Sveen har også verv som tillitsvald for Naturviterne, og dette medfører noko bruk av arbeidstid og reiser til div. møte på Lillehammer.

## Naturoppsynt

Naturoppsynt skal følgje opp miljølovgjevinga og vedtak fatta av Nasjonalparkstyret og andre offentlege myndigheter. I tillegg skal oppsynet informere, rettleie og gjennomføre tiltak og registreringar. Gjennom bestillingsdialogen kan forvaltninga konkretisere særskilde oppdrag.

Statens Naturopsyn (SNO) er organisert som ein del av Miljødirektoratet, med den administrative staben i Trondheim og lokalkontor rundt om i heile landet. Rigmor Solem er tilsett i SNO med Jotunheimen og Utladalen som hovudområde. Kontorstad Vang og Utladalen (feltkontor). SNO Jotunheimen og Utladalen har eit omfattande tenestekjøp, som omfattar både oppsyn og utføring av tiltak. SNO har inngått ein sentral avtale med Norges Fjellstypesamband om tenestekjøp over heile landet med lik timesats. For Jotunheimen og Utladalen blir det kjøpt oppsynstenester frå fjellstyrta i Lom, Vågå, Luster, Årdal og Vestre Slidre.

## Andre sentrale myndigheter


Kommunane Lom, Luster, Vågå, Årdal og Vang har areal innanfor verneområdet. Politisk er desse representert med kvart sitt medlem i nasjonalparkstyret. Kommunane har myndighet etter plan- og bygningslova og motorferdselslova. I fleire saker må brukarar innhente løyve både frå verneforskrifta og anna lovverk som plan- og bygningslova eller motorferdselslova. Kommunane har og eit overordna ansvar for arealforvaltninga, og god dialog er særleg viktig når det gjeld innfallsportane og randsonene til verneområda. Administrativt kontaktutval skal bidra til best mogleg kommunikasjon mellom administrative nivå for nasjonalparkforvaltninga og kommunane. Fylkeskommunane er representert politisk i nasjonalparkstyret. I tillegg har fylkeskommunen myndighet etter kulturminnelova og fagkompetanse knytt til kulturminneskjøtsel og restaurering. Miljøvernnavdelingane hos Fylkesmennene har erfaring og fagkunnskap som nasjonalparkforvaltarane kan nytte i sitt arbeid, og forvaltarane deltek i fagsamlingar der dette er relevant. Fylkesmennene har klagerett på vedtak som vert fatta av nasjonalparkstyret.

## **Brukarar - ferdselsteljing og brukarundersøkingar**

I Jotunheimen og Utladalen finn vi nokre av dei mest kjende turisthyttene, med tilhøyrande stinett. Attraktive turmål som Galdhøpiggen, Besseggen og Vettisfossen dreg årleg tusenvis av besøkande. I tillegg til fjellvandrarane er det grunneigarar, rettshavarar, bedrifter, lag og organisasjonar som brukar verneområda for næring, forsking/kunnskapsformidling og rekreasjon. DNT-hyttene Glitterheim, Gjendebu og Skogadalsbøen og den private turisthytta Memurubu er større bedrifter innan verneområdet. I tillegg kjem ei rekke større og mindre bedrifter ved innfallsportane og i randsonen, og det er fleire aktivitetsfirma/bedrifter som driv breføring, klatring og turguiding. Sentrale brukarinteresser er beitebruk, jakt og fiske. Tamreinlaga i Lom og Vågå, Storådalen beitelag, Russdalen beitelag, Besstrondfjellet beitelag og Utladalen sameige har stor aktivitet innan verneområda. I Utladalen har Stiftinga Avdal Gard, Vetti turiststasjon, Stiftinga Utladalen naturhus og grunneigarar ulike former for aktivitet og næringsverksemd.

### Ferdselsteljing

Ferdselsteljar utplassert ved Veslløyfti på Besseggenruta viste 54.084 passeringar i perioden 31.mai til 9.oktober i 2019. Dette er ein nedgang på vel to tusen frå rekordåret 2018. Gjendebåten følgjer same trend som ferdselsteljinga.



	2017	2018	2019
Ferdsteljar Besseggenstien ved Veslløyfte	54304	56599	54084
Gjendebåten, samla passasjertal	62228	67851	62909

Brua ved Fantesteinvatnet resulterte i nær firdobling av ferdsla som var registrert før bruprosjektet stod ferdig. Tal passeringar auka frå 7.095 i 2017 til 26.933 i 2019.

Ferdselsteljar ved Knutshøe viste ein markant auke frå førre teljing. Det vart registrert **9.504** passeringar i perioden fredag 31. mai 2019 til onsdag 9. oktober 2019, mot **6.554** i 2016. D.v.s. ein auke på nær 3000.

Sterk marknadsføring av turen i presse og sosiale media bidreg nok til trafikkauken:



Lei av kø over Besseggen?  
Knutshøe ligger rett ved  
og er enda finere

Aftenposten – A-magasinet 15.07.18



FOTO: HANS KRISTIAN KROH-HANSEN  
HØYT OPP. Turen langs Leirungen eller over Knutshøe er vakkert og ligger rett i nærheten av Besseggen på Valdresflya.

### Vil du unngå kø på Norges mest kjente fjellturer? Her er tipset til nabofjellet

Turene som ofte gir like god utsikt, men du får den alene ...

Aftenposten Reise 20. juni 2017



Foto til venstre er fra laurdag 1. september 2018 (det var liknande køer også dei to helgene før)

Reklamen i A-magasinet og i sosiale media kan ha hatt ein effekt. Reklamen om å kunne gå åleine stemmer ikkje heilt; i 2018 såg det ut til at også Knutshøe var innhenta av køa

#### Brukundersøkingar

I Jotunheimen og Utladalen vart det gjennomført brukundersøkingar i både 1992, 2002 og 2010. Desse undersøkingane viser utviklinga over tid og synleggjer behov for tilpassingar. Trafikken har endra seg mykje dei siste 10 åra, og i 2019 vart det gjennomført ei ny brukundersøking koordinert med undersøking for Besseggen som mogleg Nasjonal turiststi. Datainnsamling utført i 2019, og analyser/rapportar kjem i 2020.

## Sentrale dokument

**Naturmangfaldlova** vart sett i kraft 01.juli 2009, og erstattar Naturvernlova frå 1970. Vedtak fatta etter Naturvernlova er framleis gjeldande, men naturmangfaldlova har sett ein del nye kriteria til saksbehandling (vurdering av miljørettslege prinsipp etter §§ 8-12) og dei generelle unntaksheimlane i verneforskriftene er erstatta av § 48 i naturmangfaldlova.

**Verneforskrifter** for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde revisert 14.11.14.

**Forvaltningsplan** for Jotunheimen og Utladalen vart vedteken i 1998. Revisjon av forvaltningsplanen starta i 2004, parallelt med revisjon av verneforskriftene. Godkjenning av forvaltningsplan måtte vente til nye forskrifter var vedtekne, men utkast av 2008 har vore brukt som eit rettleiande dokument for forvaltninga.

I Jotunheimen og Utladalen er det utarbeidd **skjøtselsplan** for to område; Heimre Utladalen og Gjendebu-området. Skjøtselsplanen for Heimre Utladalen vart utarbeidd i 1998. I 2010 vart det gjort ny vurdering av skjøtselsbehovet av både eksisterande skjøtselslokalitetar og nye lokalitetar. Denne vurderinga omfatta heile Utladalen, og eit utkast til skjøtselsplan for Utladalen vart utarbeidd av Tanaquil Enzensberger i 2013. Det er lagt opp til gjennomgang og formell godkjenning av denne i 2020, i tråd med gjeldande krav. Skjøtselsplanen for Gjendebu-området vart vedteken i 2004. I 2011 kom ei fagleg evaluering av utviklinga i tiltaksområdet, og vidare skjøtsel har fylgd tilrådingane frå Miljøfaglig Utredning.

Som første verneområde i landet, vedtok nasjonalparkstyret i 2012 ein **besøksstrategi**. Denne skal bidra til å gje dei besøkande ei betre oppleveling, bidra til auka verdiskaping, og samstundes ta vare på verneverdiane. Besøksstrategien blir nå innarbeidd som del av forvaltningsplanen i revisjonsarbeidet. Arbeidet med revisjonen har dessverre stoppa opp som følgje av unødig langvarig vakanse i stillinga på vestsida. Revisjonsarbeidet startar opp att i 2020, når det er to forvaltarar på plass att.

## 3. Arbeid i Nasjonalparkstyret 2019

Nasjonalparkstyret består av representantar med sentrale politiske verv, og dei fem kommunane har vore representert ved ordførar eller varaordførar. For å spare tid har møtplanen vore lagt opp med ein del telefonmøte, særleg i vinterhalvåret med stengde fjellovergangar som medfører store reiseavstandar.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har hatt 6 møte i 2019, og behandla 44 saker. Tal styresaker gjekk markant ned frå 2017, men samstundes har kurante saker behandla administrativt auka i samsvar med delegeringspraksis. Møteoversikt:

1/19	04.03.2019	Telefonmøte
2/19	29.04.2019	Vang i Valdres
3/19	21.06.2019	Utladalen, Årdal, med synfaring til Vettifossen
4/19	25.06.2019	E-postbehandling av søknader som kom for seint til å bli med på møtet 21.06.
5/19	06.09.2019	Bygdin Høyfjellshotell, Vang
6/19	18.11.2019	Herangtunet, Valdres

Styret fungerer inntil nytt styre er oppnemnd, og ei påbegynt sak frå 2019 blir behandla av sitjande styre i telefonmøte 10. januar 2020 (dette møtet inngår ikkje i statistikken under, men kjem på oversikt for 2020).

Arbeidsutvalet hadde 2 møte og behandla 2 saker. Møte i AU har vore e-postmøte.

1/19	01.04.2019	E-postbehandling
2/19	26.08.2019	E-postbehandling

Forvaltar har i medhald av delegert myndigkeit gjort administrative vedtak i 25 saker (1 av desse etter siste styremøte, og derfor ikkje med i samlesak Delegerte saker referert for styret)

Type saker	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
<b>Adm./generelle vedtak (Styre/AU)</b>	16	21	26/3	27	25	25/3	20/1	<b>21/0</b>
<b>Vedtak om motorferdsel (Styre/AU/Adm.)</b>	18	22	8/1/4	14/5/4	15/10/3	13/2/7	7/2/20	<b>2/1/14</b>
<b>Vedtak om tilrettelegging (bygg, anlegg, stiar o.l.) (Styre/AU/adm.)</b>	8	6	11/2	11	9	4	5/0/2	<b>9/0/0</b>
<b>Vedtak om arrangement (Styre/AU/Adm )</b>	1	3	1	3		6 /1	2*** /0/1	<b>2(1***) /0/1</b>
<b>Generelle uttalar (styret/AU)</b>	2	1		3	2	1	2/1	
<b>Vedtak/innspeil om planarbeid og vedtekter/reglar (styret)</b>	3		3	2		1	0	<b>4</b>
<b>Vedtak om økonomi (styret)</b>	4	3	2	2	2	2	2	<b>2</b>
<b>Klagebehandling (styret)</b>	1			0		1	0	<b>0</b>
<b>Anna, t.d. dronebruk, rydding, plantesamling. Frå 2017 hovudsakleg dronesaker (Styret/AU/Adm.)</b>	4		1	3 **	1/ 7 / 1	7/7/4	4/0/16	<b>4/1/10</b>
<b>Sum</b>	57 stk.	56 stk. *	62 stk.	74 stk.	75 stk.*	84	40/4/38	<b>44/2/25</b>

\* 1 sak trekt, tiltak likevel ikkje aktuelt

\*\* Pilot innfallsport

\*\*\* Arrangement kombinert med motorferdsel eller dronebruk

## Økonomi

Kvar haust vert det søkt om tiltaksmidlar for det komande året i verneområda (bestillingsdialogen).

Jotunheimen fekk mykje midlar til etablering av pilot innfallsport ved Sognefjellshytta i perioden 2016-18.

I 2019 vart andre verneområde prioritert, slik at ein hadde lite tiltaksmidlar. Ein fekk likevel utført akutte stitiltak og eit par informasjonstiltak. Skjøtsel i regi av SNO har vore vidareført på nivå med tidlegare år.

Tiltaksmidlar for 2019 (bestillingsdialogen)	Tildeling/ budsjett	Sum utgifter	Avvik	Gjennomføring, merknader
<b>Skjøtsel</b>	<b>585 000</b>			<b>Tildelt SNO</b>
Slått på Skåri, Avdalen og Vetti		230 000 *		<b>Utført, SNO</b>
Styrte beite heimre Utladalen		150 000 *		<b>Utført, SNO</b>
Styving/rising av alm og lind, Utladalen		80 000 *		<b>Utført, SNO</b>
Skjøtsel/krattrydding Guridalen		30 000 *		<b>Utført, SNO</b>
Styrte beite ved Gjendebu Vegetasjonsrydding Gjendebuområdet		50 000 *		<b>Utført, SNO</b>
		10 000 *		
Styrte beite ved Gjendebu (geit)		25 000 *		<b>Utført, SNO</b>
Slåttedugnad Gjendebu		10 000 *		<b>Utført, SNO</b>
<b>Stiarbeid</b>				
Vedlikehald og reparasjon	<b>40 000*</b>	74 791	Omdisp. av ledige midlar	<b>Utført av sherpaer. Administrert av SNO</b>
<b>Innfallsport, pilotoppdrag</b>				
Pilot innfallsport Sognefjellet, reparasjon av rekkverk og fotodokumentasjon	<b>160 000**</b>	41 680		<b>Mindre skader på rekkverk enn venta, etter forsøk med ny utforming</b>

<b>Informasjon og tilrettelegging</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Rekneskap</b>		
Oppgradering av startpunkt ved bommen mot Glitterheim; Nye informasjonstavler m.m.	<b>160 000</b>	159 335		<b>Nye info-tavler vil bli utplassert ved sesongstart 2020</b>
Ny merkevare: Infopunkt - utskifting gamle skilt		58 863	Omdisp. av ledige midlar	<b>Nye tavler Gjende og Reinsvangen, og skifte av øydelagt tavle ved Bygdin</b>
Ny nettside, etablering av publikumssider	-	37 950	Omdisp. av ledige midlar	<b>Samarbeidsprosjekt fellesbestilling Trollbinde</b>
<b>Diverse utgifter, drift</b>		-		<b>Ingen utgifter belasta i 2019</b>
<b>Totalt rekneskap tiltaksmidlar inkl. midlar forvalta av lokalt SNO</b>	<b>960 000</b>	<b>957 619</b>		

\* Utgifter skjøtselstiltak er skjematiske fordelt på deltak i samsvar med fordeling i sak 12/2018.

\*\* Reparasjon av snøskader på rekkverk vart vesentleg rimelegare enn budsjettet, og ledige midlar omdisponert til stivedlikehald og informasjonstiltak.

<b>Drift</b>		<b>Budsjett</b>	<b>Rekneskap</b>
<b>Sekretariat</b>	Kontorhald, reiser, m.m. (utgifter utanom løn)	<b>40.000</b>	<b>38 884</b>
<b>Styret og utvala</b>	Reise- og møtegodtgjersle nasjonalparkstyret	<b>275.000*</b>	<b>214 921</b>
<b>Forvaltningsplan og brukarundersøking</b>	Møteverksemrd, reiser, tenestekjøp	<b>250.000</b>	<b>249 495</b>

## Ulovlege tiltak

Sak frå 2018 med krav om tiltak for rydding er under oppfølging i 2019-2020.

Ulovleg fangst av apollo sommarfugl vart oppdaga av gjetarane i Storådalen Beitelag. Oppsynet vart varsla, og saka vart fylgd opp av politiet.



## Andre utval

Fagleg rådgjevande utval var samla på Hindsæter i Vågå 13.-14. september. Første dag var møte, andre dag med synfaring Sjodalen – Reinsvangen – Gjende – Knutshøe. Administrativt kontaktutval og SNO deltok også i møtet. Det var i alt 24 som deltok på første dag av samlinga. 15 var med på heile eller delar av synfaringa andre dag. Biletet til høgre er frå Gjendeosen, med nytt infopunkt etablert i samarbeid med Nasjonale Turistveger.



## 4. Aktivitet

### Informasjon

Naturrettleiingsprosjektet i Jotunheimen vara frå 2009 t.o.m. 2014. I 2015 var det ei innstramming i økonomien til verneområda, og ein fekk ingen ressursar til engasjement av naturrettleiar. Det er sterkt ønskjeleg med ei fast stilling til den mest brukte nasjonalparken i landet, for å sikre fagleg kontinuitet og betre tilbod for tilreisande og lokale brukarar med vekt på barn/unge i lokalsamfunna.

Både SNO og nasjonalparkforvaltarane blir jamleg spurt om å informere på ulike arrangement, møte, seminar og i felt. Vi får også mange førespurnader frå studentar om intervju/informasjon knytt til bachelor- eller masterstudium. Mange (hovudsakleg utanlandske studentar) ønskjer også tilbod om praksisplass/hospitering, men dette har vi ikkje kapasitet til å følgje opp. Det er lagt vekt på informasjon og rettleiing til brukarar av verneområda, skuleklassar og studentar. Vi har også ein del besøk utanfrå.

Lom/Jotunheimen vart i 2017 vald ut som deltakar i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt prosjekt om *Forenkling av utmarksforvaltninga*. Det er eit toårig prosjekt frå nov.-2017 til 1.des. 2019. Nasjonalparkforvaltar Kari Sveen er med i prosjektgruppa, saman med representantar frå Lom kommune, Lom fjellstyre og Norsk fjellsenter. Prosjektgruppa har innleia samarbeid med Langsua og Dovrefjell angåande deira arbeid med forenkling i forvaltninga av motorferdsel i utmark. Sluttrapporten vart godt motteken, og eit forenklingsforslag er teke inn i KLD sitt forslag til revisjon av motorferdselforskrift.

### Oversikt deltaking kurs, konferansar og fagnettverk 2019

Dato	Kurs, konferansar, studieturar - Tema	Johannes Skahjem	Kari Sveen	Styremedlemmer, Andre
19.-20. mars	Regional samling på Dombås for nasjonalparkforvaltarar, SNO og kommunar med forvaltningsmyndigkeit i mindre verneområde i Innlandet		x	NP-forvaltarar, SNO, kommunar med forvaltningsansvar for mindre verneområde
28.05.	Nasjonalparkforvaltarsamling, Lillehammer		x	Forvaltarane i Innlandet
26.03.	Nettverk Merkevare Nasjonalparkar, deltaking i samlingar for referansegruppe		x	NINA-prosjekt med div. forskrarar og aktørar innan naturbasert reiseliv & nasjonalparkforvaltning
07.05.	Nettverksmøte regional faggruppe utmark. Otta		x	Forvaltarar, kommunale saksbehandlarar og fjelloppsyn N-Gudbr.dal
10.05.	Lomsløftet – konferanse bærekraftig reiseliv – Norsk Fjellsenter		x	Div. offentlege og private aktørar
26/6-27/6	Skjøtselskurs kulturlandskap. Røros og Dalsbygda		X	SNO, forvaltarar, fagfolk kulturlandskap
21.-22.08	Synfaring Historisk vandrerute Jotunheimen		x	Prosjektmedarbeidarar ved Norsk Fjellsenter
28.-29.08	Nasjonalparkforvaltarsamling Gutulia/Femundsmarka		x	Forvaltarane i Innlandet og nabofylke
31.08	Skjøtsel av slåttemark seterkve Gjendebu		x	SNO, fjelloppsyn, beitelag
13.-14. 09.	Fagleg rådgjevande utval Hindsæter, med synfaring Knutshøe	x	x	Fagleg rådgjevande utval, Adm. kontaktutval

8.-10. okt.	Avslutningssamling, Pilotnettverk merkevare – Varanger		x	Pilotane v/ forvaltarar og SNO, Miljødirektoratet
15.-17. okt.	Miljøfagkonferansen 2020 – Trondheim	x	x	Miljødirektoratet, KLD, nasjonalparkforvaltarar
13.-14. nov.	Embetssamling FM Innlandet – Skei, Gausdal		x	Tilsette FM-Innlandet
9.-10.12.	Avdelingssamling, Vossevangen	x		M-avd. FM-Vestland

#### Informasjonsoppdrag, fordrag, representasjon og arrangement

Dato	Tema	Repr.
19. mars	Regional samling SNO/forvaltning på Dombås. Innlegg: <i>Besøksstrategi og merkevare - Erfaringer fra nasjonalparkforvalterne</i>	KSV
23. mars	DNT-samling Lygnaseter. Innlegg: <i>Forvaltning av nasjonalparker</i>	KSV
26. mars	Nettverksmøte forskningsprosjekt NINA, Innlegg: <i>Aktiv bruk av verneområda for lokal verdiskaping – kva verkemiddel har forvaltinga for også å ta vare på verneverdiane?</i>	KSV
4. juni	SNO-samling på Hjerkinn Innlegg: <i>Erfaringar med samarbeidet forvaltning og oppsyn/SNO</i>	KSV
14. mai	Presentasjon av Jotunheimen og nasjonalparkforvaltninga ved besøk frå Nærøyfjorden verneområde – Norsk Fjellsenter	KSV
19. juni	Representasjon – Nasjonal Turistveg opning ikonpunkt Gjende	KSV
8. okt	Pilotnettverk – avslutningssamling. Innlegg: <i>Ny merkevare- og besøksstrategi for Norges nasjonalparker – erfaringar frå Jotunheimen</i>	KSV
31. oktober	Representasjon – <i>Norsk Stålkonstruksjonspris 2019</i> utdelt til brua over Fantesteinvatnet, <i>Norsk Ståldag 2019</i> med Florian Kosche – DIFK Kosche, Ragnhild Momrak – Dronninga Landskap, Jostein Bøe – Stryvo	KSV
15. nov.	Møte i Vågå ang. Besseggen som Nasjonal Turiststi – Innlegg: <i>Brukarundersøking sommar 2019 og vegen vidare</i>	KSV

#### Møte og synfaringar med eksterne parter

(utanom styremøte, AU, adm.k.utv., fagleg rådgj., interne arb.møte forvaltarane og lokalt SNO)

Dato	Tema		Andre
16.01.	Arbeidsmøte - Oppryddingsplan	KSV	Lom kommune, Memurubu
22.01.	Møte Nasjonale Turistveger og fylkeskomm. ang. infopunkt Gjende og Reinsvangen. Lillehammer	KSV	Turistvegprosjektet, Oppland fylkeskommune
24.01.	Drøftingsmøte namnesak - Namn kring Smørstabbrean mm. i Lom kommune	KSV	Lom kommune, lokale ressurspersonar
30.01.	Prosjekt forenkling av utmarksforvaltninga – Møte mellom Langsua og utviklarar av appen Ferdast / Parc track	KSV	Norsk fjellsenter, Lom kommune, forvaltar Langsua, programutviklarar
12.02.	Arbeidmøte ang. informasjonstavler Gjendeområdet. Vågå.	KSV	Vågå kommune, Vågå fjellstyre
13.02.	Prosjekt forenkling av utmarksforvaltninga – Skypemøte med Altinn, Ferdast.no m.fl.	KSV	Altinn, Norsk fjellsenter, Lom kommune, forvaltarar programutviklarar

28/3,14/6, 25/9	Div. møte angåande brukarundersøking Jotunheimen og Besseggen 2019	KSV	Mai Bakken, Marit Vorkinn, Birgitta Ericsson
09.04.	Teammøte Nasjonalparkforvaltarar. Skype	KSV	Forvaltarane i Innlandet
26.04.	Prosjekt Besseggen som Nasjonal Turiststi Informasjons- og drøftingsmøte Vågå	KSV	Vågå kommune, Oppland fylkeskommune, Norsk fjellsenter, AMK, politi /redningsteneste, Vågå fjellstyre, næringsdrivande
8. mai	Møte ang. Galdhøpiggen 2019 – DJ-dugnad	KSV	Politi, fjelloppsyn
17. juni	Synfaring mikrokraftverk Skogadalsbøen	KSV	DNT, Kleppconsult, Luster kommune, Luster fjellstyre, Utladalen Sameige
20.juni	Presentasjon av forenklingsprosjekt og Ferdast. Møte Miljødirektoratet, Trondheim	KSV	Miljødirektoratet, Norsk fjellsenter, forvaltar Langsua, programutviklarar
8. juli	Synfaring Veodalen angående utbetring av innfallsport mot Glitterheim	KSV	Lom fjelloppsyn, Glitterheim turisthytte
9. sept.	Styringsgruppemøte "Historisk vandrerute Jotunheimen" – Bessheim	KSV	Styringsgruppa med prosjektleiing Norsk Fjellsenter
11. sept.	Møte Vestlandsforskning – klimatilpasning i nasjonalparkkommunene. Turtagrø 11. september	KSV	Nasjonalparkforvaltarar Breheimen og Jostedalsbreen, kommunane, Vestlandsforskning, Norges nasjonalparkkommuner
25. okt.	Nasjonal Turistveg Valdresflye - Workshop Gjende, en av de viktigste innfallsportene til Jotunheimen nasjonalpark	KSV	Turistvegprosjektet, Oppland fylkeskommune, Norsk fjellsenter, Vågå kommune, reiselivsorg., næringsdrivande
30. okt.	Møte Visit Sognefjord	JSK	
30.okt.	Nasjonalparkforvaltarane i Innlandet – Teammøte Skype	KSV	Nasjonalparkforvaltarane i Innlandet
5/11 og 29/11	Avsluttande samling og Prosjektrapport til KMD – <i>Forenkling utmarksforvaltning</i>	KSV	Lom kommune, Norsk Fjellsenter, Lom Fjellstyre.
11.nov.	Møte UT.no og DNT ang. ferdselskanalisering og verneverdiar. Oslo	KSV	UT.no, DNT, Merete Sandum, Marit Vorkinn, Erlend Gjelsvik
15. nov.	Møte ang. Besseggen som Nasjonal Turiststi, og Evaluering Besseggenpatrulja. Vågå kommunehus	KSV	Vågå kommune, Oppland fylkeskommune, Vågå fjellstyre, næringsdrivande, Norsk fjellsenter, AMK, politi /redningsteneste, Nasjonalparkriket
4. des.	Møte - Besseggen som Nasjonal turiststi	KSV	Mai Bakken, Vågå kommune
12. des.	Bærekraftig reiseliv – Oppstartmøte Otta	KSV	Nasjonalparkriket, prosjektgruppa
13. des.	Dialogmøte med DNT Oslo og Omegn. Oslo	KSV JSK	SNO v/ Rigmor Solem, DNT Oslo og Omegn (Reiten, Havik, Stenseng, Gjermo, With, Stoll)

## Skjøtsel og vedlikehald

Kvart år vert det utført skjøtseltiltak som tilrettelegging, rydding og ettersyn/vedlikehald av tidligare utførte tilretteleggingstiltak og grenseskilt og informasjonstavler. Arbeidet blir administrert av lokalt SNO, og ein del av tiltaka vert utført ved tenestekjøp frå fjellstyna og lokale aktørar. Nye skilt som informerer om

droneforbod utplasserte i 2019. Supplement med droneskilt på andre innfartsårer og skilt med informasjon om bandtvangsreglar står på planen for 2020. Ved hjelp av eit sherpalag vart det utførte heilt nødvendig rydding på nedre stigen mot Vettisfossen og reparasjonstiltak på stigar i Gjendeområdet.

### **Jotunheimen Vest / Utladalen:**

Stiftinga Utladalen Naturhus koordinerer skjøtsels- og informasjonsarbeidet i Heimre Utladalen.

Skjøtselstiltak i Utladalen er som tidlegare vidareført med bakgrunn i utarbeidd skjøtselsplan. I tillegg til slått vert ein del av den inngjerda kulturmarka beita av sau. Også i 2019 vart det lagt til rette for beiting med storfe for å redusere behovet for slått. Det er utført spesielle tiltak med styving/rising av alm og lind.

### **Jotunheimen Aust:**

Skjøtsel av den gamle kulturmarka i Gjendebu-området baserer seg på skjøtselsplanen frå 2001, og med justering i tråd med evaluering av status og tiltak gjennomført av Miljøfagleg Utredning i 2011. Evalueringa konkluderer med at tiltaka som har vore gjennomført med avstandsregulering av bjørk og rydding av skog/kratt har hatt ein positiv effekt på landskapet og saman med beiting verka positivt på det biologisk mangfaldet. Rapporten tilrår slått av seterkvea for å fremje artar som kan gå attende ved for sterkt beitetrykk (marinøklar). Vi prøver å gjennomføre slått annakvart år, saman med Storådalen beitelag. Det var organisert slåttedugnad siste helga i august. Skjøtsel med geit som beitedyr ved Gjendebu vart starta opp i 2009, og er vidareført i 2019.

## **Arrangement i verneområda**

- Telemarksirenn "Galdhøpiggrennet" ved Spiterstulen vart lagt på is etter arrangementet i 2017.
- 17. mai på Galdhøpiggen har vorte eit årvisst arrangement, utan motoriserte hjelpemiddel eller andre tiltak som krev dispensasjon.
- Nasjonalparkfestivalen «Under Storen», Utladalen 21.-23. juni  
NP-styret arrangerte ope foredrag med ornitolog Geir Høitomt på Naturhuset 21. juni.
- Besseggløpet vart arrangert den 22. juni med 116 deltakrar i konkurransklassa og 55 i mosjonsklassa, i alt 171 deltakrar.
- Motbakkeløpet "Fanaråken Opp" vart arrangert for 17. gong den 10. aug. Det var 74 deltakrar i konkurransklassa.
- Varsla arrangement «Galdhøpiggen 2019» med DJ-party på toppen av Galdhøpiggen vart avlyst/utsett til 2020 pga. været. Arrangementet er at slik omfang at det er vurdert å vera i strid med verneforskrifta om det ikkje blir gjeve dispensasjon, men arrangøren er ikkje samd i vurderinga, og har derfor ikkje sendt søknad – til trass for skriv med tydeleg orientering frå styret etter styremøtet 29.04.19

Oppsynet har ikkje registrert uheldige tilhøve i samband med dei gjennomførte arrangementa.

## **Randsonearrangement**

- High Camp, Turtagrø. Årleg arrangement med vårskiløping, som også går inn i nasjonalparken
- Vinjerock ved Eidsbugarden/Fondsbu
- Fjellfilmfestival Gjendesheim i september

## Vidare arbeid

### Revisjon av forvaltningsplanen:

Det var ein omfattande prosess med revisjon av den gamle planen frå 1998 i perioden 2004 – 2008.

I samråd med Miljødirektoratet kom ein fram til at revisjonsarbeidet måtte starte på nytt pga dei mange endringane som har kome til i behandlingstida fram til dei nye verneforskriftene vart vedtekne 14.11.14.

Melding om ny oppstart av revisjon, i medhald av nye verneforskrifter og nye føringer i overordna nasjonal politikk og naturmangfaldlova, vart sendt ut ved brev av 02.09.2015. Det vart halde opne møte i kvar kommune i oktober 2015, og forvaltningsplanen har vore diskusjonstema på møte i fagleg rådgjevande utval både i 2015, 2016 og 2017. Det var sett ein ambisiøs framdriftsplan med tanke på slutføring i 2017, men som følge av andre oppgåver er tidsplanen justert. I 2018 kom ein fram til at omlegging til full digitalisert forvaltningsplan ville vera meir framtidssretta, og Magnus Snøtun starta omlegging til ny versjon. Da han slutta og stillinga vart sett i vakanse i over eitt år, måtte arbeidet leggjast på is. Arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen i tråd med nye forskrifter og gjeldande føringer får topp prioritet i 2020.

### Besøksstrategi:

Jotunheimen og Utladalen vedtok den første besøksstrategien i 2012. Oppfølging og konkretisering av denne planen er eit viktig arbeid vidare for styret, og vil vera ein del av forvaltningsplanarbeidet.

Besøksstrategien vil bli oppdatert i tråd med ny mal, og vil bli samordna med eigen besøksstrategi for Besseggen dersom arbeidet med Besseggen som Nasjonal Turiststi blir vidareført i 2020.

### Kartleggingsarbeid:

Nye verneområde har ein omfattande prosess med kartlegging og systematisering av verneverdiane i området som er planlagt verna. Jotunheimen og Utladalen er relativt gamle verneområde som ikkje har vore gjennom ein slik systematisk prosess. Samtidig er det eit auka fokus på å sette konkrete målsettingar for utviklinga i verneområda (bestandsmål). Utfyllande kartleggingsarbeid i åra framover vil vere avgjerande for å få til ei målstyrt forvaltning fram i tid.

Rapport med sårbarheitsvurdering for rovfugl i Aust-Jotunheimen kom i 2015, og er supplert med tilsvarende dokument for Vest-Jotunheimen ved feltarbeid i 2018 og 2019. Bestandssituasjonen for jaktfalk vil bli fylgd opp vidare med registrering av utviklinga over tid. Dette er eit større samla prosjekt for Innlandet, men der også areala i Vest-Jotunheimen og Utladalen vil vera inkludert.

Det vart i 2016 utført arbeid med samanstilling av eksisterande kunnskap om villreinen i Vest-Jotunheimen, og supplement til grunnrapporten kom i 2017. Det er også utarbeidd fagnotat om sykling i verneområda.

### Implementering av merkevaren Norges Nasjonalparker

Dette er ein del av merkevarebygging til Miljødirektoratet, der Jotunheimen var ein av fire pilotar.

Pilot utkikkspunkt Sognefjellet vart opna ved Sognefjellhytta 20.august 2018, og den nye gangbrua vart tildelt Stålkonstruksjonsprisen 2019.

Status for andre startpunkt i høve til ny merkevare:

2018	Nye tavler i cortenstål langs Fv. 55 ved Krossbu og Turtagrø. Nye skilt på eksisterande tavler ved Juvvasshytta, Memurubu og Gjendebu.
2019	Nye infopunkt ved Gjende og Reinsvangen i samarbeid med Nasjonale Turistveger
Påbegynt 2019, blir sett opp 2020	Nye skilt på eksisterande stativ ved nasjonalparkgrensa mot Glitterheim Utskifting av øydelagt skilt på felles infopunkt med Vang kommune ved Bygdin
2020	Planlagt nye tavler ved infallsportane Utladalen og Eidsbugarden Nye skilt på eksisterande stativ ved Leirvassbu og Spiterstulen

## 5. Glimt frå 2019

### Pilot innfallsport – Norsk Stålkonstruksjonspris 2019



Pilot innfallsport ved Sognefjellshytta vart opna 20.08.2018. Gangbrua fekk Stålkonstruksjonsprisen 2019.  
Foto over: Live Andrea Sulheim



Frå prisutdelinga, Norsk Ståldag 2019. Foto: Lars Hamrebjörk - Stålbyggnadsinstitutet

**Synfaring i samband med søknad Skogadøla mikrokraftverk 17. juni**



**Slåttedugnad ved Gjendebu 31. august 2019**



**Nasjonalparkstyremøte på Bygdin Høyfjellshotell 6. september**

**Fjellmarinøkkel ved Gjendebu**

